- Utviklingsprosjekter som store hengebruer, flytebruer og andre brutyper der spennviddene økes. Prosjekter der vi bruker nye materialtyper og -kvaliteter hører hjemme her - likedan prosjekter som innebærer ny bruk av DAK.

- Serviceprosjektering overfor vegkontorene, dvs. prosjektering av vanlige bruer av ulik type og størrelse.

6 INFORMASJON TIL VEGKONTORENE

Vegdirektoratet ønsker å få synspunkter på vegkontorenes behov for informasjon fra Bruavdelingen. Noen stikkord her kan være:

- Tilbakemelding om skader på bruer (skadekatalog).
 - Bruavdelingens syn på praksis, i alt fra armeringsoverdekning til føring av kloakkledninger over bruer.
 - EDB-bruk.
 - Reiserapporter.
 - FOU-planer og -rapporter.
 - Planleggingsprogram for bruer.
 - Statistikk om bruer.
 - Oversikt over konsulentbruk.
- «Hvem gjør hva på Bru» som skal revideres til nyttår, ønskes det også synspunkter på.



Et utsnitt av den 80 manns- og kvinne-store forsamlingen.



«Langtidsplanen for trafikksikkerhetsinformasjon» tok i 1990 føre seg fotgjengarulykker.

Langtidsplanen er eit samarbeidsprosjekt mellom Rusmiddeldirektoratet, Statens vegvesen, Samferdselsdepartementet, Statens informasjonstjeneste, Trygg Trafikk og Justisdepartementet.

Målgruppene for aksjonen er primært fotgjengarar over 65 år. Trafikkulykkene der eldre fotgjengarar er innblanda skjer hovudsakeleg om hausten, når lysforholda er dårlegast. Dei skjer i periodar av døgnet med stor biltrafikk, og spesielt ved kryssing av veg i tettstader.

På landsbasis utgjer no aldersgruppa 65 år og eldre over halvparten av alle *drepte* fotgjengarar (52 %), og heile 25 % av alle *skadde og drepte* fotgjengarar er 65 år eller eldre. Denne aldersgruppa utgjer berre ca. 16 % av befolkninga i landet, og vi kan derfor seie at eldre fotgjengarar tilhøyrer ei høgrisikogruppe i trafikken.

For Møre og Romsdal er dei tilsvarande tala ganske likt landsgjennomsnittet; 50 % av alle *drepte* fotgjengarar i perioden 1986-88 var 65 år eller eldre, og 21 % av alle *skadde og drepte* fotgjengarar høyrde til same aldersgruppa. Eldre fotgjengarar i Møre og Romsdal kjem også inn under ei høgrisikogruppe i trafikken på linje med landet for øvrig.

Aksjonsperioden var frå 1. oktober til 30. november 1990.

Starten på aksjonen fall saman med ei internasjonal aksjonsveke (1.-7. oktober 1990) innanfor trafikktrygging i regi av ECE-FN sin økonomiske kommisjon for Europa. Alle medlemslanda er oppfordra til å rette søkelyset på sine nasjonale tra-

fikktryggingssystem denne veka.

Mottoet for kampanjen i Norge er «Oppmerksomhet gir trygghet». Bilførarar og offentlege styresmakter er sekundærmålgrupper i aksjonen. Budskapet i kampanjen er at førarar av motorkjøretøy skal vere merksame overfor eldre fotgjengarar, og at eldre fotgjengarar skal vere merksame i trafikken. Dei offentlege styresmaktene skal ta omsyn til dei eldre fotgjengarane både ved planlegging og vedlikehald av vegar/gatemiljø.

Mange av ulykkene med eldre er såkalla «eine-ulykker», det vil seie fotgjengarar som snublar, glir eller ramlar ved ferdsel i trafikkmiljøet. Slike eldreulykker medfører svært store økonomiske konsekvensar for samfunnet, med lange sjukehusopphald etc.

I samband med denne aksjonen tar Utrykningspolitiet (UP) del i aksjonen med kontrollar over heile landet.

Kampanjen «Oppmerksomhet gir trygghet» er ei haldningskampanje der vi i første rekkje har prøvd å nå fram til hovudmålgruppa eldre fotgjengarar (over 65 år), og bilførarar som er ei sekundærmålgruppe i aksjonen.

Trafikktryggingssutvalet har fått produsert to plakatar med budskap retta mot dei aktuelle målgruppene: «Vis respekt for gangfeltet» og «Bruk gangfeltet». Sistnemnde plakat har helse- og sosialetatane i fylket spreidd ut til alders- og sjukeheimar, dagheimar, eldresenter osv. i kommunane. «Vis respekt for gangfeltet» er sendt ut til alle bilforretningar og bensinstasjonar i fylket, i tillegg til at den har vore brukt i annonseutgåve. Til sist har postkontora fått begge pla-



katane tilsendt. Saman med plakatan har vi lagt ved informasjon om aksjonen og forklaring på kva som er formålet med plakatan.

«Langtidsplangruppa for trafikksikkerhetsinformasjon» har gitt ut ei brosjyre til bruk i kampanjen mot fotgjengarulykker. Brosjyra er retta mot eldre fotgjengarar, og Odd Grythe er frontfigur: «Vi eldre fotgjengere får bruke det vi har mest av ... sunt vett!!» Saman med brosjyra er det ei sjølvklebende refleksstrimle der det står «Oppmerksomhet gir trygghet», som kan limast på vesker, spakar, stokkar og støvlar.

Trafikktryggingssutvalet v/sekretariatet har distribuert ca. 10 000 av desse brosjyrene + refleksstrimlar og refleks til kommunane i fylket. Vi har bede dei om å bringe dette materiellet vidare ut til dei stadene i kommunen der eldre ferdist, slik som trygdekontor, heimhjelpskontor, aldersheimar og postkontor.

Det vil bety svært mykje for dei eldre at nokon har jamnleg tilsyn med vegmiljøet der dei ferdist, med sikte på vedlikehaldstiltak som sandstrøing, snørydding, kosting og anna reinhald. Trafikktryggingssutval-

et (FTU) har derfor bede vedlikehaldet innanfor både Vegvesenet og kommunane om å sjå til at gangfelt som ofte blir nytta av eldre er spesielt godt merka (t.d. ved eldreinstitusjonar og eldresenter), og at vedlikehaldsrutinane blir vurdert med sikte på å tilpasse dei til dei eldre fotgjengarane sine behov i trafikken.

I skrivande stund har vi motteke eit nytt opptrykk av ei brosjyre som tar for seg korleis fotgjengarar skal forholde seg i lyskryss, «godt å vite for fotgjengere ...». Planen er å få ut denne brosjyra til «flest mogleg» i Kristiansund og Ålesund, (sorry Molde - 1 lyskryss held ikkje) inkludert eldre fotgjengarar.

For øvrig har Trafikktryggingssutvalet eit glimrande handlingsprogram som stort sett dekkjer opp dei ulike målgruppene som «Langtidsplangruppa» plukkar ut frå år til år. Gjennomføring av tiltaka i «Handlingsprogram for trafikktrygging i Møre og Romsdal» vil derfor fortsatt vere det prioriterte arbeidsfeltet for FTU.

Ruth Myhle bust

Kystfylkene samlet til bruvedlikeholdskurs i Ålesund

Så seint som i 1970-åra trodde en at betongen tilnærmet hadde uendelig lang levetid. Dersom det oppsto skader skyldes dette dårlig arbeidsutførelse, ellers var betongen motstandsdyktig mot alle slags ytre påkjenninger.

De siste års utvikling har dessverre vist at dette på langt nær er tilfelle. I vårt fylke er det særlig ferjekaiene og de av bruene som ligger ute ved kysten som er mest utsatt. Saltet fra sjøvannet trenger inn i betongen og armeringa begynner å korrodere (ruste). I de større byene er det forurensningen, spesielt CO₂ (karbondioksyd) som ødelegger betongen og starter armeringskorrosjon. De fleste har vel hørt om alle balkongene som er i ferd med å falle ned i Oslo. Salt og forurensning er de viktigste nedbrytningsårsaker. I tillegg kommer frostskafer og i den senere tid har en oppdaget at såkalte alkalie-kiesel reaksjoner også er med på å bryte ned betongkonstruksjoner i flere deler av landet. Her er syndebukken tilslaget (sand og stein) i betongen. Med andre ord, betongens fiender er mange.

Det er selvsagt på langt nær slik at alle betongkonstruksjoner er i ferd med å bli ødelagt, men problemene er likevel store og bare i vårt fylke bevilges nå 6-7 mill. kroner hvert år til reparasjoner av bruer. Behovet er imidlertid ennå større de kommende åra, for stadig nye skader oppdages og mange av disse utvikler seg raskt.

Regelen er at jo fortere en skade blir oppdaget og reparert desto lavere blir totalkostnadene ved bruvedlikeholdet.

VEDLIKEHOLDSLAG

Vi har derfor for to år siden bygd opp et vedlikeholdslag som er utrustet med spesialoppbygd bil. Laget har til nå utført en

mengde preserende oppgaver rundt om i fylket.

Ellers utføres registrering av brutilstand kontinuerlig, slik at en til enhver tid har full oversikt over hvor reparasjonene bør settes inn.

Ikke minst er det viktig å undersøke konstruksjonen nøye før en setter igang reparasjon som ofte er omfattende. Saltinfisert betong må fjernes ved meisling, armeringa må rengjøres for rust, primes og ny mørtel må legges på. Deretter males konstruksjonen for å hindre at saltet på nytt trenger inn.

Gjennom prøvetakinga må en finne ut hvor armeringa er angrepet av rust og en må finne ut hvor langt inn en må meisle bort betongen for å være sikker på at saltet er borte. En må heller ikke meisle bort for mye da denne delen av reparasjonen er svært kostbar.

På området som gjelder prøvetaking og valg av reparasjonsmetoder er det imidlertid mye upløyd mark og lite matnyttig litteratur. Bare noen få vegkontor har personell med noenlunde nødvendig kunnskaper.

Til venstre:


Reparasjon av rekkverk-skade på Kjønnøy bru, Averøy.

Til høyre:

Uttak av betong på Steinvågsund bru for å måle saltinnhold. Midt på bildet (riktig antrukket) Arild Hanekamhaug, Sogn og Fjordane. Til høyre Edmund Hokstad, Møre og Romsdal.



Laget som driver bruvedlikeholdsarbeid. Fra venstre Oscar Einarsson, Geir Ove Nesje, Edmund Hokstad. Bilen er spesialutstyrt for å drive vedlikeholdsarbeid.



Foredragsholderne: Bak: Jan Sælensminde, Betec, Trond Østmoen, Vegdirektoratet, Per Austnes, Møre og Romsdal. Foran: Magne Maage, NTN, Øystein Vennesland, Noteby.



KURS MÅ TIL

Avdelingsingeniør Per Austnes tok derfor initiativ til ovenfor Vegdirektoratet om å holde kurs. Målgruppe var ansatte som steller med bruvedlikehold ved vegkontorene i alle kystfylkene.

Vegdirektoratet tente umiddelbart på idèen og responsen fra fylkene var meget god. Alle inviterte fylker deltok med 1-2 representanter. Kurset ble holdt i Ålesund og Steinvågsundet bru som er under reparasjon ble nytt til praktiske øvelser og prøvetaking. Prøvene som ble tatt ble analysert ved laboratoriet i Spjelkavik.

Som eksterne forelesere var invitert professor Magne Maage ved NTH og sivilingeniør Øystein Vennesland fra konsulentfirmaet Noteby. Disse er ansett for å være de fremste på dette området i landet.



Potensialmåling. Brukes til å finne ut om det er korrosjon på gang i armeringa. Til høyre: Oscar Einarsson, Møre og Romsdal.

Kurset ble meget vellykket og forutsetningen om stor kunnskapsmangel på området var riktig. Avdelingsleder Knut Næss i Vegdirektoratet var da også full av lovord for initiativet og vil gjenta tilsvarende kurs til neste år.

Tore Witsø

Restaureres på Mellomværftet i Kristiansund:

Rjånes - landets eldste bevarte bilferje

Bilferja «Rjånes», som har gått både i «Eiksundsambandet», på Gurskøy og i Volda, står nå på Nordmøre Museums slip. Norsk Vegmuseum har overtatt fartøyet, og vil nå gå inn med midler for å bidra til å finansiere en spesialhåndverker-stilling på Mellomværftet i Vågen, slik at denne eldste bevarte bilferja kan berges og etterhvert (om en 7 års tid?) overføres til Vegmusèet i en kraftverksdam ved Gudbrandsdalslågen. I så fall må det vel være en selvfølge at våre landskjente ferjekaibyggere får jobben med å bygge en «førstegenerasjons» ferjekai. Man begynner nå relativt beskjedent, med en bevilgning på kr 50 000,- til oppmåling, landsetting på «bedding» og «nedrivning» av skadd overbygg.

Den største jobben blir vel transporten ned til Lillehammer. Vi bestiller herved sendetid i Norge Rundt høsten 1997!



Leder av Norsk Vegmuseum Geir Paulsrud, foran bilferja «Rjånes» på Mellomværftet i Kristiansund

Fartøyet er bygd av Einar Helland i Vestnes i 1936 for Volda-Folkestad Bilferje lutlag. Prisen var kr 6 500,- og båten fikk kjenningssignal LJEE og hjemsted Ålesund. Ferja het opprinnelig «Voldaferja», senere «Gurskøyferja» og til slutt «Rjånesferja». Fartøyet ble kjøpt av Møre og Romsdal Fylkesbåtar i 1962 og fikk da navnet «Rjånes». Den gikk i selskapets ruter, hovedsakelig på Nordmøre, fram til 1966 og ble da solgt til entreprenørfirmaet Kristiseter på Åndalsnes. I 1986 ble fartøyet overført vederlagsfritt fra entreprenørforretningen Harry Mathisen A/S (som bygger to av KRIFAST-bruene) til Nordmøre Museum avdeling Mellomværftet. Ferja er på 35 bruttotonn, gjorde 6 knops fart og har kapasitet 60 passasjerer og 5 små biler. Lengden er 52,5 m.

MRF-pensjonist Magnar Berg i Kristiansund var skipper om bord på 1960-tallet, i ruta Stemshaug-Vihals-Vikan. Han forteller at de kunne ta opptil tre lastebiler, men da hang hjulene utenfor på begge sider! En gang det var sangerstevne kom det over 100 mennesker om bord. Ei dame ble redd og pekte på skiltet med «max 60 passasjerer». «Ingen fare», sa Berg - «det står 60 på andre sida også».

«Rjånes» hører til den første generasjon spesialbygde bilferjer, dvs. med gjennomkjøring fra stavn til stavn. Bilføring var fartøyets hovedfunksjon. De første lokalbåter bygd med tanke på biltransport hadde innkjøring fra siden, (f.eks. M/S Bilfergen fra 1921 som ennå flyter). Løse rekker og slett dekk gjorde dette mulig. Disse fartøyene var lokalbåter med mulighet for biltransport. Det er i 1930-åra vi får de første ferjer med en utforming vi i dag forbinder med ordet «ferje». «Rjånes» er blant de aller første av denne typen som ble laget.

«Rjånes» er relativt uendret fra sitt opprinnelige utseende. Målebrevene viser at det ble foretatt endringer i overbygget de siste årene MRF eide båten. Disse var av relativt beskjedent omfang så langt vi kan se fra eldre billedmateriale. Motoren i båten er den opprinnelige «Volda», men hvorvidt denne kan berges er ikke fastlagt.

Museumsansvarlig Egil Bakke, med kontor på Årø vegsentral, er svært interessert i opplysninger og fotografier av den gamle ferja.

Odd Williamsen

Spørjeundersøking om vegvedlikehald og kjøreforhold

Vegdirektoratet har i samarbeid med SINTEF utarbeidd og gjennomført ei landsomfattande spørjeundersøking om kjøreforhold og vegvedlikehald. Undersøkinga har fleire formål. Eit viktig moment er å gje tilbakemelding om korleis brukarane opplever tilstanden på vegnettet - kva er dei tilfredse med og kva som kunne ha vore betre. Vi må utgreie/kartleggje konsekvensane av det trafikantane meiner er mangelfullt eller for dårleg vedlikehalde.

Vegmeistrane i dei områda som tek del i undersøkinga får god oversikt over korleis trafikantane ser på forholda på vegnettet i området. Undersøkinga gir også eit svært nyttig grunnlag for prioritering av vedlikehaldsinsatsen både lokalt og sentralt.

I 1990 har det vore gjennomført to landsomfattande undersøkingar. Onsdag 21. mars vart det gjennomført undersøking om vinterforhold. Tilsvarande undersøking om sommerforhold vart gjennomført 10. oktober.

GJENNOMFØRINGA I VÅRT FYLKE

I vårt fylke tok Ørsta, Skodje og Surnadal vegstasjon del i undersøkinga. Ved kvar vegstasjon vart det delt ut 500 spørjeskjema.

Rapport for vinterundersøkinga - både landsomfattande og lokalt - ligg no føre.

Av hovudtrekka kan nemnast:

- Det er klare forskjellar i trafikantane sine vurderingar av kvaliteten på dei ulike delane av vegnettet. Fylkes- og kommuneveggar får gjennomgåande dårlegare karakteristikk enn riksvegane.

- Trafikantane gir riksveg-

nettet betydeleg betre karakter med omsyn til aksellastrestriksjonar og høgde/breiddeavgrensingar enn det øvrige vegnettet.

- Kantstolpar/brøytestikker m/refleks blir sett på som å vere eit svært viktig «satsingsområde».

- Trafikantane ser ikkje på salting som noko godt alternativ til sandstrøing.

- Strøing er svært viktig inn mot vegkryss og i stigningar.

- NRK radio skil seg ut som den klart viktigaste informasjonskilda om vegtilhøva.

Den landsomfattande rapporten viser at Møre og Romsdal fekk noko «dårlegare karakter» enn landsgjennomsnittet. I vårt fylke fekk Surnadal (T-9) «dårlegaste karakter». Det var spesielt Aure-området som trekte ned. Ei mogleg årsak til dette kan vere manglande/mangelfull lagring av strømidlar. Vegvesenet er no i gang med bygging av ny strøsandhall i Aure, så dette vil venteleg betre seg.

Vegstasjonane arbeider no med handsaming av spørjeskjemaene for sommarundersøkinga.

Ivar Hol



Trafikktellinger Tussen/Skaret

Tussentunnelen vart åpna for trafikk lørdag 13. oktober kl. 1300. Tunnelen er bygd og skal drives som en privat veg. Vegvesenet skal vedlikeholde riksveg 67 som går over Skaret som før. Tunnelen korter ned strekinga mellom Molde og Fræna med 7 km. Utgiftene til bygging og drift av tunnelen blir finansiert gjennom innkreving av bompenger. Satsene pr. tur for privatbiler 10 kr.


Vegvesenet har hatt sammenhengende trafikktellinger ved glattkjøringsbana i Malmedalen siden uke 3 i 1990. Den høyeste trafikken vi har telt var i uke 29 med 3825 biler pr. dag. Den laveste trafikken var i uke 10 med 2646 biler i snitt pr. dag. Gjennomsnittlig trafikk for dei 38 ukene vi har hatt tellinger er 3335 biler i snitt pr. dag.

75 % BRUKER TUNNELEN


Etter åpninga har vi fortsatt med tellingene i Malmedalen, vi har også tellinger ved bomstasjonen. For dei to ukene vi har tellinger på begge plassene, har tunnelen tatt unna 75 % av trafikken, vi sitter igjen med 25 % (ca. 810 biler som kjører over Skaret pr. dag) av trafikken. Kjøreforholda over Skaret har i hele denne tidsperioden vært gode, ikke noe vinterføre med glatt kjørebane. Vegvesenet vil fortsette med tellingene fremover, en vinter med mye snø og is vil kanskje gi en annen trafikkfordeling. Somertrafikken vil sikkert gi en ny. Tussentunnelen er uomtvistelig et spennende prosjekt for oss alle.

Harry Berg

TRAFIKKFORDDELING TUSSENTUNNELEN / SKARET UKE 43



TRAFIKKFORDDELING TUSSENTUNNELEN / SKARET UKE 44



Nytt fra maskinavdelinga

Fjerning av gras- og jordkanten under rekkverk langs vegene har tradisjonelt vært meget vanskelig å utføre effektivt og økonomisk. Sammen med Statens vegvesen Akershus og Vegdirektoratet utvikler nå Anders Bergem på vegsentralen et redskap som kan gjøre den jobben.

Prototypen skal snart utprøves på vegene i Møre og Romsdal, etter at den er bygd på Tonstad mek. verksted. Meningen er å få til et tilleggsutstyr til kantfres, som kan renske helt inn til stolpene. Et skråstilt plogskjær deler seg i to og trekker seg tilbake på hver side av stolpen og smyger seg forbi. Arbeidet skal gå kontinuerlig - uten stopp - ved hver stolpe.

NYE MASKINER

Vi har i 1990 kjøpt inn en ny stor lastebil for transport av ferjekai-materiell (1,5 mill. kr), en ny feiemaskin (2 mill. kr) og en ny veghøvel (1,3 mill. kr).

NYE ANSATTE

Oppsynsmann på plateverkstedet er Kjell Sagli, og ellers har Arne Rødal og Arvid Bø begynt i verksteddrifta. Tre nyansatte damer kom på plass i 1990: Eli Lyster på ekspedisjonen, Torild Wirum på budruta og Lisa Nerland som lærling på lageret.

Det meste verkstedarbeidet utenom på egne maskiner er det siste året utført som oppdrag for andre fylker, nemlig:

| | |
|---------------------------------------|--|
| Valset ferjekai, Sør-Trøndelag | Pelearbeid. |
| Flekkelfjord ferjekai, Vest-Agder | 2 stk. ferjekaibruer med utstyr. |
| Lund ferjekai, Nord-Trøndelag | 1 stk. ferjekaibru med utstyr. |
| Balestrand ferjekai, Sogn og Fjordane | 1 stk. ferjekaibru. |
| Tau ferjekai, Rogaland | Montering av 1 stk. ferjekaibru. |
| Jøsenøy ferjekai, Sør-Trøndelag | Ny front til ferjekaibru. |
| Hemnskjel ferjekai, Sør-Trøndelag | Ny ferjekaibru. |
| Hitra ferjekai, Sør-Trøndelag | Fenderdeler. |
| Valset ferjekai, Sør-Trøndelag | Transport - demontering av hydraulikk. |
| Skeid ferjekai, Nord-Trøndelag | Ny ferjekaibru. |
| Gutvik ferjekai, Nord-Trøndelag | Ny ferjekai. |
| Kirkholm ferjekai, Sør-Trøndelag | Ny ferjekai. |
| Linesøy ferjekai, Sør-Trøndelag | Ny ferjekai. |
| Forsnes ferjekai, Sør-Trøndelag | Deler til ny ferjekai. |
| Drøbak ferjekai, Akershus | Ombygging av ferjekai. |
| Svolvær ferjekai, Nordland | Ombygging av ferjekai. |

Verdien på dette arbeidet er samlet ca. 6 mill. kr, inkludert materialer og transport.

Neste år skal nye komplette ferjekaibruer leveres til Trandal og Solevåg ferjekai i Møre og Romsdal. Vi håper videre på kanskje fem tilsvarende ordrer til Sogn og Fjordane.

Oddvar Åfløydal



MINNEORD

Bjarne Rekdal

Tidlegare lensmann og ordførar Bjarne Rekdal er død, vel 90 år gammal. Han var lensmann i Herøy og Sande frå 1929 til 1958, og ordførar i Herøy frå 1956 til 1958. Då vart han tilsett som fylkesøkonomisjef i Møre og Romsdal, året etter kombinert med stillinga som fylkeskasserar. Sidan då har han budd i Molde. Han var fødd i Vågå der faren ei tid var lærar, men fekk sin oppvekst på Harøya. Etter endt skulegong, vart han i 1918 tilsett på fylkesmannskontoret i Molde. Her var han i 11 år til han vart tilsett som lensmann i Herøy og Sande.

Han gjekk av frå stillinga si i fylkeskommunen i 1970, men pensjonsalderen la ikkje nokon større dempar på hans aktivitet. I ei årrekke var han engasjert til sær oppdrag for Statens vegvesen, og var i sving på kontoret sitt i Fylkeshuset heilt opp mot 90-årsalderen. Då tok helsa til å svikte litt, slik at han måtte ta det litt meir med ro. Men fram til då hadde han halde seg uvanleg sprek. Frå 1969 og til han var langt opp i 80-åra tok han årlig idrettsmerket.

Bjarne Rekdal var ein sær produktiv med-arbeidar for Veg og Virke gjennom alle årgangar.

Vi lyser fred over hans minne.

Fra 1. juli 1990 er det foretatt en rekke endringer i Vegdirektoratets organisasjon:

Organisasjonsendringene består i følgende:

1. Toppledergruppen er redusert til tre, vegdirektøren, teknisk direktør og administrasjonsdirektør.
2. Det er opprettet en ny Miljø- og trafikksikkerhetsavdeling i stab under vegdirektøren.
3. Det er bygget opp en hovedstruktur knyttet til områdene plan/anlegg, drift og trafikant/kjøretøy. Konsekvensene av disse endringene er at anleggskontoret på tidligere drifts-avdeling, nå er en av funksjonene på den nye Plan- og anleggsavdelingen.
4. Den nye Driftsavdelingen er styrket gjennom opprettelsen av to nye kontorer, Kontoret for trafikkinformasjon og kontoret for trafikkstyring.

VEGOPNING I VANYLVEN

Fredag 26. oktober 1990 vart nyvegen Eidså-Fiskå opna for fri ferdsel. Vi låner inn omtalen frå lokalavisa «Vest-Avisa», journalist Kjell Brenne:

VAKKER RAMME KRING VEGOPNINGA

Statens vegvesen kunne ikkje ha valt eit betre tidspunkt for opninga av nyvegen Eidså-Fiskå. Vergudane viste seg frå si aller beste side med god temperatur og blendande haustsol som ramme kring ein verdig opningsseremoni. Skulekorpsa frå Eidså og Fiskå, uniformert politi og mykje frammøtt folk, sytte for at det vart skikkeleg stemning.

Vegsjef Eivind Vollset orienterte om vegbygginga og presiserte at med denne nye parsellen hadde siste lekken på riksveg 61 fått fast dekke. Eidså-Fiskå har kosta 26,5 mill. kroner. Det må vere ein lettelse å få sleppe gamlevegen, sa Vollset.

Ordførar Jon Aasen sa seg svært glad over at den siste flaskehalsen på riksveg 61 var borte. Som gjennomgangsvog ligg den nye vegen fint i terrenget og vil utan tvil vere ein styrke for det ytre kystsambandet. Han takka for eit framifrå arbeid frå Vegvesenet si side.

Vegsnora i raudt, kvitt og blått vart så høgtideleg

skoren over. Vegsjef Vollset som på førehand var annonsert som klipper, var både taktikar og tilbakehalden då han heldt godt i slira på «vegkniven» og let ordføraren dra kniven or slira. Dermed hadde ordføraren fått kniven i neven. Og medan vegsjefen saman med oppsynsmann Ingolf Kleppe og arbeidsformann Erling Husøy heldt stramt i snora, skar ordføraren med nøyaktig og fast hand over snora til stor applaus frå folket. Den nye tid over Eidet kunne ta til.

Klokka halv eitt vart trafikken sleppt laus. Først i kortesjen av bilar var Kvalsvik sin veteranbil med vegsjef, fylkesvaraordførar og ordførar og så fylgde resten hakk i hel.

LUNSJ PÅ RÅDHUSET

Vegopninga vart avslutta med ein enkel lunsj på Combisenteret i kommunestyresalen. Vertskap for dei innbedne gjestene var Vegvesenet.

Ei spesiell gratulasjonskake, pynta som eit vegkart over Eidet, gjorde sitt til å prege vegopninga.

Fylkesvaraordførar Einar



Den første bilen som fekk køyre nyvegen, var ein lokal veteranbil med innbedne gjestar.



Oppsynsmann Ingolf Kleppe og formann Erling Husøy heldt snora stramt, medan ordførar Jon Aasen og vegsjef Eivind Vollset skar ho over.

Holm roste vegsjefen og hans etat for eit godt gjennomført arbeid. Både når det gjeld naturinngrep og forholdet til grunneigarane, har Vegvesenet gjort ein dyktig jobb. Sidan dette er eit riksvegsamband, har fylket ikkje anna oppgåve enn å vere med på å påverke til mest mogleg løyving til distriktet vårt. I ei tid med mange ønskemål, vil det alltid vere ein politisk kamp for å få sikker plass på prioriteringslista, sa Holm. Han gratulerte Vanylven og meinte vegen vil vere med å heve nivået i kommunen ytterlegare.

Leiar i samferdselsutvalet i fylket, Sandeordførar Arne Dyrhol, bar fram helsingar frå dei han representerte og sa seg glad for at denne flaskehalsen på riksveg 61 var borte. Dyrhol understreka verdien av gode kommunikasjonar og meinte dette er eit verkty for utviklinga i distriktet.

Som medlem av trafikktryggingsutvalet i fylket, ville han midt oppe i gleda over nyvegen, minne om at trafikkulykkene i Møre og Romsdal årleg kostar 15-18 gonger

det denne vegen har kosta. Desse tala vitnar om at trafikktrygging må prioriterast høgt i eit fylke som har lege høgt på landsstatistikken over trafikkskadde, sa Dyrhol.

Oppsynsmann for veganlegget, Ingolf Kleppe, minte om at det ikkje var ofte Vegvesenet ute i distriktet kunne ha vegopningar med snor og hornmusikk. Som oftast skjer dette i samband med store prosjekt som brukopningar der private entreprenørar har hatt oppdraget. Dette prosjektet er drive fram i Vegvesenet sin regi, sa Kleppe som framheva det gode samarbeidet som har vore mellom alle partar i arbeidsperioden.

Frå Mørebil helsa Olav Hellebust. Han kom inn på fleire morosame historier frå den tida vegane i Vanylven var krok og krik i alle tun. Både han og ordførar Aasen nytta høvet å minne vegsjefen om at riksveg 652 måtte kome på kartet i neste planperioden. Vegen til Lauvstad gjennom Voldsammaren kan ikkje ligge slik han gjer i dag.

VEGOPNING I VANYLVEN

VEGLENGD

Frå kryss med riksveg 652 på Eidså til Tunheim på Fiskå er det bygd ny veg eller eksisterande veg er utbetra i ei total lengd på 6750 meter.

I tillegg er det bygd sidevegar på til saman 550 meter. I samarbeid med Vanylven kommune er det bygd gang- og sykkelveg på ca. 120 meter i Leitebakkane på Eidså.

Frå Eidså til Lilleide er 1200 meter av eksisterande veg utbetra. Frå Lilleide til Tunheim er det bygd ny veg på sørsida av Fiskåelva i ei lengd på 5200 meter. På Tunheim er 350 meter av eksisterande veg utbetra.

VEGSTANDARD

Den nye vegparsellen er bygd med 6,5 meter total vegbreidde. Vegen er dimensjonert for 10 tonns heilårs berevne. Tillatt kjørefart vil vere 80 km/t med unnatak av strekninga frå krysset med riksveg 652 på Eidså og opp til bustadfeltet i Leitebakkane.

KRYSS

På Lilleide er det bygd eit kryss i 150 meters lengd for å knytte til den gamle riksvegen som i framtida blir kommuneveg.

Som tilknytning til Fiskå er det frå Myrane (ved lagerbygninga til Søre Sunnmøre Kraftlag) bygd ein sideveg på 400 meter. Denne sidevegen vil i framtida inngå som ei forlenging av fylkesveg 2 frå Fiskå.

ANLEGGSKOSTNADER

Til no har vegen kosta 25,4 mill. kroner. Når alle kostnader er kome med, blant anna sluttoppgjør for grunn og tilordning av sidetaket, reknar vi med at sluttsummen vil bli ca. 26.5 mill. kroner.

ANLEGGSDRIFT

Anleggsarbeidet starta opp hausten 1988. Det vart då starta med bygging av ei 2 km lang strekning i Tunheimsmyrane som vart ferdig med skumgrus og klar til dekkelegging i 1989. Vinteren 1989 var anleggsdrifta svært redusert, blant anna på grunn av dårlege verforhold. Sommaren 1989 vart anleggsarbeidet i Leitebakkane på Eidså starta opp og arbeidet med omlegginga frå Lilleide til Tunheim fortsatte.

Anleggsarbeidet er drive i eigenregi med innleigde maskiner. Arbeidet med boring i sidetaket og i veglina er utført av Svein Hansen A/S. Sprenginga er utført av Statens vegvesen Møre og Romsdal. Knusing av stein til oppbygging av vegen er utført av K. A. Aurstad A/S. Veidekke A/S har lagt 2 km skumgrus og Arvid Gjerde A/S har sett opp rekkverk.


Av spesielle problem kan nemnast mykje nedbør som har gjort det nødvendig å kjøre til masse frå Røda i Syvde og bruke stein frå sidetaket til å byggje anleggsvegar.

GANG-/SYKKELVEGAR

I Leitebakkane på Eidså er gang- og sykkelvegen avslutta i krysset med ein


planlagt kommuneveg. Det er håp om at Vanylven kommune kjem i gang med bygging av denne vegen slik at det kan bli samanhengande gang- og sykkelveg fram til skulen på Eidså.

Eksisterande vegkryss på Fiskå vil ikkje lenger vere forkjørsregulert etter opninga av den nye vegparsellen.



DRIV VEGVESENET MAKTMISBRUK!

Frå grunneigarar og ymse interessegrupper kjem det ikkje sjeldan fram syn i retning av at Vegvesenet turer fram med vegbygging stikk i mot sunn fornuft, demokratisk sakshandsaming og vedtak som er gjort. Avisinnlegg og direkteutsegner tyder



på at:

- ikkje alle alternativ er undersøkt og vurdert.

- grunneigarane ikkje har vorte forespurt, ikkje blitt tekne med på råd eller har fått god nok forklaring på korleis vegen blir liggjande i høve til hus og heim.

Ikkje skjønar folk heller at det skal vera så vanskeleg å få avkjørsler eller ein undergang eller to. Klagene kjem gjerne i byggjetida, då ser det ofte ille ut, og det er kanskje ikkje så langt til ein nyhendehungrig journalist.

Vegvesenet er ikkje feilfri. Vi skulle ofte ønskje vi hadde betre tid og større ressursar til å undersøkje grundigare fleire alternativ, til å snakke med kjentfolk og illustrere inngrepa vegen vil gjere på bilete, ved modellar og kart endå betre.

Men vi slit med begrensa ressursar. Mangel på folk og planleggingsmidlar gjer at ein relativt raskt i prosessen må avgrense talet på alternativ til 2 eller 3. Slik dette fylket ser ut blir det gjerne:

- ei nedre line langs sjøen (som tar strandline og strandareal).
- ei midtre line (ofte utbetring av eksisterande veg gjennom tun og dyrka jord).
- ei øvre line (som tar brønnar og hindrar ferdsel til utmark).

Ein moderne veg er eit spesielt byggverk. Det blir stilt krav til:

- stigning (1:20 eller betre)
- linjeføring (radius større enn 250-300 m)
- estetikk (vegen må tilpassast naturen)
- vegbreidde og avstand til hus og ikkje minst til *kostnad*. Utgiftene til bygging og vedlikehald må vera så små som mogleg. Elles blir det kritikk frå dei som løyver pengar eller skal betale med bompengar.

Vegen må ikkje berøra gravrøyser, fjøresteinar, dyrka jord, verdifull skog eller busetnad.

Då blir det gjerne ikkje så mange alternativ att.

SAMARBEID

Når det gjeld dei formelle sidene finst det forskrifter som legg opp til sterk medverknad frå alle som har interesser i saka - frå utgreiingsstadiet, gjennom hovudplan til detaljplan. Det blir orientert ved folkemøter og ved direkte kontakt. Så snart planane blir detaljerte nok blir det sett ut stikk i marka som viser inngrepet.

Diverre er det sjeldan slik at det går an å finne nye vegtrasear som ikkje på eitt eller anna punkt kjem til å sjenere

ein eller annan. Det kan bli støy, tap av utsikt eller gamle tre. Andre offentlege styresmakter har lover som skal verne om jordbruk, strandliner, skog, fornminne, våtmarker og andre ressursar. Skal vi imidlertid gjennomføre vegprosjekt som heile distriktet har sett på som heilt nødvendig og har kjempa for i årevis, så må det gå ut over noko eller nokon. Diverre. Og dei som mister verdiar skal ha erstatning for det tapet dei lir. Men heller ikkje meir enn det.

KRIFAST OVER ASPØYA

Når det konkret gjeld vegen over Aspøya så vart hovudplanen lagt fram i september 1979. Den bygde på ein hovudplan for veg over Aspøya som Vegvesenet utarbeidde i 1974 og dei uttalane som kom inn under handsaminga av den planen. Dei fleste grunneigarane vart kontakta og Tingvoll kommune ga uttale 23. september 1976.

- Vegen måtte leggjast på nordsida av Skjevlingneset (alt. midt over Skjevlingneset utredes nærare).
- dyrka jord på Skjevling og Einset måtte sparast.
- det måtte bli lang bru over Straumsundet og veglina måtte fastleggjast snarast

slik at grunneigarane kunne vita korleis eigedomane kunne nyttast og slik at kommunen visste kvar turvande grunn til vegen måtte avsetjast.

Vi siterer elles frå hovudplanen (1979):

»Selv om kommunen ikkje hadde noen merknader til planen fra 1974 mellom Skjevling og Bogsaspen, har vi valgt å legge fram et nytt alternativ noe nærmere sjøen. Svakheten med det «gamle» alternativet er at det får svært mange kurver. Da veglinja ligger i skogsterreng vil dette føre til at det ikke blir forsvarlige forbikjøringsstrekninger over en strekning på ca. 3 kilometer mellom Skjelvågen og Bogsaspen. Det vil dessuten bli vanskelig å knytte dette alternativet sammen med eksisterende veg der denne krysses. Alternativet medfører store fyllinger. Med hensyn til bevaring av dyrka mark er det øvre alternativet best på Bogsaspen mens det vil beslaglegge et stort areal på Skjevling der det også medfører en uheldig oppdeling av eiendommen.

Vi har sett på muligheten av å gå midt over Skjevlingneset slik kommunen ber om under pkt. 1. Et slikt alternativ vil medføre ei minst 100 meter lang bru sør for Skjev-

lingsvågen. Terrenget ellers vil også være svært kostbart å bygge i. Et slikt alternativ vil derfor medføre flere millioner kroner i merkostnader uten at vi kan se at det medfører noen vesentlige fordeler.

Over Strømsundet har vi nå valgt å legge fram bare det sørligste alternativet fra 1974. Dette alternativet er miljømessig klart bedre enn alternativet over Skipøya som går gjennom dyrka mark og hytteområder vest for sundet og skjærer gjennom eksisterende bebyggelse øst for sundet. Da miljøsyn fører til at det ikke er aktuelt å fylle igjen deler av sundet vil linja over Skipøya heller ikke medføre noen vesentlige besparelser i brukostnader. Trafikalt er også den sørligste løsningen bedre enn den nordre da den gir kortere kjørelengde Aspøy-Tingvoll og omtrent samme kjørelengde Aspøy-Langset.» I hovedplanen som var lagt ut er det elles 8 sider «beskrivelse av aktuelle alternativ» og 4 sider om slike enkeltkonsekvensar som

- utgifter, omklassifisering
- ressursar
- miljømessige verknader
- trafikktryggleik
- barrierar
- fleksibilitet

Vi meiner difor at også vegen over Aspøya, slik som nye vegar elles, er bygd etter demokratisk sakshandsaming og etter vedtak som er gjort etter beste skjønn og fornuft. Og det er vår bestemte tru (og von) at når vegen er ferdig med tilsådde skråningar, fint vegdekke og rekkverk, så vil både dei som bur på Aspøya, dei som kjem til å flytte dit og dei som trafikerer vegen vera godt nøgde.

Anders S. Moen



TRAF. PLAN - NYTT



- orientering fra trafikkplanseksjonen ved planavdelinga

TRAFIKKUTVIKLINGEN 1990

På våre faste tellepunkter er det til nå i år registrert en svak økning i forhold til i fjor. For riksveg 62 ved Steinløysa er økningen hele 3,1%. Denne kan være påvirket noe av stengingen på E69, men neppe særlig mye.

Hovedformålet med å foreta trafikktelegninger i kontinuerlige tellepunkt, er å følge utviklingstendensene for vegtrafikken og dens fordeling på kjøretøyarter og hastighet år for år. Kjøretøyene registreres ved at de passerer elektroniske sløyfer som er nedfelt i kjørebanelen. Trafikantene registrerer disse bare som «4 svarte firkanter» på tvers i kjørebanelen.

I Møre og Romsdal har vi 4 slike helkontinuerlige tellepunkt. Disse utgjør de såkalte «Nivå 1»-punktene, som beskriver utviklingen i fylket i hovedsak. I tillegg har vi et større antall «Nivå 2»-punkt, ca. 120, hvor det skjer skjeldnere, men stort sett systematiske, telegninger i perioder.

Vi mangler imidlertid tilstrekkelig informasjon om trafikkutviklingen på våre høgtrafikkerte vegar, dvs. på innfartsvegane til de tre byene våre. Vi vil derfor med det første etablere 3 nye kontinuerlige tellepunkt, ett i hver by.

ULYKKESUTVIKLINGEN 1990

Til nå synes situasjonen å ligge svært nær den vi hadde året før på samme tidspunkt. Antall døde i trafikken er imidlertid lavere, nærmest halv-

ert. Det samme kan vi si om ulykker med svært alvorlig skade. Med så små tall det her er tale om, kan dette likevel fort endre seg nå i siste kvartal.

Vi har imidlertid en påfallende ulik utvikling for de forskjellige vegtypene. Mens vi for riksvegane kan registrere 6% reduksjon, så er det henholdsvis 16% og 8% økning på fylkesvegane og kommunale vegane. Siden riksvegane har hele 60% av ulykkene, så utjevner bildet seg totalt sett. Ulykker med fotgjengere viser fortsatt en betydelig og gledelig avtakende tendens.

BEMANNINGSENDRING

Arbeidet på trafikkplanseksjonen er sterkt påvirket av kapasitetsproblemer for tiden, etter som Odd Magne Hauge og Steinar Vestnes siden i høst har hatt permisjon, henholdsvis til februar og juni 1991. Vestnes er i denne perioden på NTH, hvor han i høst har tatt grunnkurs og til våren skal ta videregående kurs innenfor trafikk- og vegfag. Arbeidsoppgavene må ivaretas av andre på seksjonen, med tilsvarende problemer og forsinkelser i systemet. Oppgavene til Vestnes, bl.a. skilting på Sunnmøre, blir så langt råd ivaretatt av Bjørn Andersen. Hauges oppgaver blir delt mellom Trude Holter (ulykkesregistrering) og Harry Berg (trafikkregistrering).

ANNET NYTT

Vi har nå fått utarbeidet og oppkopiert en ny rapport som heter «Beskrivelse av trafikkulykkene i Møre og

Romsdal», oppdatert fram til 1989. Denne er tilgjengelig fra trafikkplanseksjonen, men vil også bli sendt ut direkte til bl.a. biltilsynet og vegmestrene.

Vegvesenets databaserete, lokale ulykkesregister «Straksulykkesregisteret», er nå blitt operativt også for fylkesvegnettet. Egenskaper som ulykkespunkt og strekninger kan nå beregnes og plukkes ut med sikte på tiltak, tilsvarende som for riksvegane. Samtidig blir nå også ulykker på kommunevegnettet lagt inn i registeret, i nødvendig grad til at statistiske sammenhenger for hele fylket kan beregnes og skaffes.

Rundskriv er sendt til kommunene om søknadsfrist for tilskott fra sentrale «Aksjon Skolevegmidler» for 1991, for tiltak på fylkesvegane og kommunale vegane. Frist er satt til 15. januar 1991. Kommunene er bedt om spesielt å prioritere høgt tiltak på fylkesvegane denne gangen. Innenfor egne rekke bør vi også være aktive for å foreslå utbedringstiltak av denne art på fylkesvegnettet. Spesielt er det ønskelig at vegmestrene har oppmerksomheten rettet mot dette.

Magne Flemsæter



AMU sia sist:

Den 29. august 1990 heldt arbeidsmiljøutvalet sitt tredje møte for året

I samband med møtet, som vart halde på Grand Hotell, Åndalsnes, var utvalet på arbeidstreningsverkstaden på Vestnes der dei fekk ei orientering om det arbeid som er gjort og om det som vidare skal skje og litt om kva produkt som skal/kan lagast der. Dei såg og på den brakkeleiren som står på staden og meinte at den ikkje

stetta krava til slik bustad som gjeld i dag.

Frå Vestnes gjekk turen til tunnelanlegga i Innfjorden og Veblungsnes. I Innfjorden møtte utvalet verneomboda og arbeidsleiinga frå Rauma og Vestnes. Dei var invitert til å vere med på møtet. Anleggsleiar Jakob Engseth ga ei grei orientering om anlegget og tilhøva der. På

Tre bukk for asfalten

Gul tobakkspakke med huller etter piggdekk. Ute på asfalten er det ensomt. Når ungene leker, kaster de tingene sine dit. Skaper trivsel på de mørke flatene: En vott, noen flaskekorker, karamellpapir. Bevegelse og flatene lever.

Svusj svusj svusj sier bilene til oss fort. Vi er lekne og vinker tilbake. Kjenner lukten av nikkel, dekk i fart. Og asfalten tar imot: Oljeflekker, en fjær, fugleblod. Som vi trives i denne lukten av kappløp.

Små ting skal vi huske: Vi skal bukke for hvert barn som krysser asfalten. Og bilene tuter, men stanser iblant. De er så vakre der de står skinnende rene på asfalten, venter høflig, mens lyktene blunker sjenert.

Asfalten har så mange venner. Kjærlig skal vi rusle ytterst langs kantene, lete etter ensomme flater der bilene er borte og lukten stram. Et tegn, et symbol, en lengsel ligger gjemt i lyden fra tusen biler mot oss.

*Gert Nygårdshaug
Fra Gatevinden, Aschehoug 1980*

Veblungsnes var det anleggsleiar Sve og verneleiar Slettestøl som orienterte om Selmer-Furuholmen Anlegg sin del av anlegget.

På Grand Hotell vart det, før møtet tok til, opna for ein spørje- og diskusjonsrunde der dei inviterte fekk høve til å kome med spørsmål til utvalet.

Kristen Leganger tok opp spørsmålet om kva som kunne gjerast for best mogleg å sikre arbeidstakarane på stuff om det vert ein brann i tunnelen. Arbeidstilsynet har med heimel i Arbeidsmiljølova 89 tilrådd at det i lange tunnelar skal vere ein redningscontainer plassert max. 500 m frå stuff. Containerne skal ha slikt utstyr at arbeidstakarane på stuff skal ha tilgang til friskluft, anten på trykkluftflaske eller annan sikker luftkjelde, dei skal ha tovegs kommunikasjon ved telefon eller liknande.

Det vart og reist spørsmål om Vegvesenet som byggherre har plikt eller ansvar til å gå inn og kontrollere ein entreprenør sin arbeidsplass når det gjeld verneorganisasjon, arbeidstidsordningar, bruk av overtid og elles Arbeidsmiljølova. Dette gjeld der Vegvesenet som byggherre berre har kontrolloppgåver på arbeidstutføring.

Driftssjef Bølset orienterte litt om kva som går føre seg når det gjeld delegering av arbeidsgjevaransvar i høve til Arbeidsmiljølova, og om den internkontroll som kjem frå 1. januar 1991.

Så til møtet og sakshandsaminga der vi forutan dei faste sakene som protokollar, brev og oppfølgingsaker mellom anna hadde desse sakene oppe.

STATISTIKK

Skademeldingar: Sia sist har det vore 6 skader med 30 fråversdagar. To av skadene førte ikkje til fråver. Fråversstatistikk for 1. kvartal 1990 syner at vårt fylke ligg litt lågare enn landsgjennom-

snitt, det same gjeld fråversrata i prosent av ordinær arbeidstid (både sjukefråver og anna fråver medrekna).

Det var og søknad om utvida overtidsrammer for i alt 25 navngjevne arbeidstakarar. Amu godkjente søknadene, men under føresetnad at den einskilde arbeidstakar sa seg viljug til det med si underskrift. Amu ba samstundes om at arbeidsleiinga måtte prøve å få til arbeidsordningar som gjer at den einskilde ikkje vert pålagt so mykje overtid.

Frå AMU i Statens vegvesen Aust-Agder sin protokoll nr. 2/90 vart det referert ei sak om ein spraybokseksplasjon i bil, der det heldigvis ikkje var folk inne i førarhuset og der bilen fekk store karosseriskader, øydelagte dører og frontruta blåst mange meter framom bilen. Amu-utvalet vil her rå til at sprayboksar ikkje vert oppbevarte i førarhus på bil eller maskin.

Frå posten ymse tek vi med at hovudtillitsmann Haukeberg spurte om det vert halde kurs for lastebilkranførarar her i fylket. Vegkontoret arbeider no med å leggje til rette for slike kurs.

Per T. Kalvøy tok, på vegne av folk i biltilsynet, opp spørsmålet om kva slag forureiningar det kan vere i dei dampene som stig opp frå ein varm bilmotor når ein opnar motordekslet. Han ba om at det vert teke målingar på dette.

Egil Bakke



Så du tegninga på forsida av bladet?

Eventyret om KRIFAST-JUTTULEN



En gang i gammeltida bodde det en juttul inni Reinsfjellet. Der det nå står en fjernsynsomformer, hadde han pipa si. Klart han måtte ha peis, for det blir jo kaldt inni fjellet slik. Juttulen var et staselig nordmørstroll og het Vindfløy. Han var søskenbarn med hullet i Torghatten. Alle gamle fjordjuttuler hadde det slik at de var flinke til å gjøre ett eller annet spesielt, noe andre ikke kunne så godt. Juttulen Jamne på Tingvoll bygde kirka der, men sprakk da presten fikk vite navnet hans. Vindfløy var smed. Ingen kunne smi så stort og fort som han.

Dette skjedde for tredve mannsaldre siden. Gjemneskirka var ikke påtenkt, Freikirka var bare et lite kott, men stavkirka på Kvernes lyste over landskapet rundt Freifjorden. Dette likte Vindfløy dårlig, for det var en Fosnakall som hadde fått smi værhanen i spiret. Vindfløy var et statstroll med krone, og likte bare så måtelig at privatfolk tok seg til rette på hans fagfelt.

I nærheten av Grip, på Hårskollen, bodde det en tangloppe-juttul. Han het Tyjel. En dag ropte Tyjel til Vindfløy: «Ta med dæ angeltaska og melkflaska di og kom utover! Æ sjer silda her no, kar - ho daske med sporen!»

Så skulle juttulen i Reinsfjellet skreve i veg. Ute i Sallaupen glei han i en klippfisk som hadde ligget der og råtne i århundrer siden han Adam for nordom. Han klaska baken nedi Sallaupklubben og merket etter ham vises på berget der den dag i dag.

Vindfløy ble sur og lei og ga opp hele sildefisket. I stedet ville han imponere Tyjel med å smi en ny molo på Grip. Han heiv seg hjem til Reinsfjellet og samla sammen smieutstyret sitt. Og så labba han ut i Freifjorden etter først å ha planta en båttorr størrelse 72 der de nå bygger bomstasjon på Bergsøya. Det er derfor de nå må grave så lang Freifjordtunnel, for å få tak i nok stein til å fylle opp det dalsøkket. Lengst i verden, blir den. Men tilbake til Vindfløy si historie: han uheppa seg igjen - nå fikk han venstrefoten kilt fast mellom Isakholmen og Storholmen. Han snubla og laga et magaplask som var synlig helt inn i Engdal krets. Smedutstyret for gjennom lufta!

Vindfløy gremtes så det hørtes i sju prestegjeld og Angvikferja sakk. Han spytta ut skråa si, den ble til Refsholmen, bråsnudd og sprang hjem. Siden har han aldri vist seg utenfor Reinsfjellet.

Men smieutstyret til Vindfløy ligger der den dag i dag: midtfjords mellom Bergsøya og Flatsetøya ligger Østre og Vestre Belgen, og mellom dem Steet. Det var utstyret juttulen skulle til Grip og bygge molo med: I 1992 skal Vindfløy få seg et monument på østre Belgen. Her skal nemlig Statens vegvesen bygge ei fontene for vann som pumpes opp fra Freifjordtunnelen. Var det ikke for Vindfløy, så ville vi alle blitt våte på beina hver gang vi skulle forsere tunnelen. Og kalde føtter liker verken folk eller troll.

Odd Williamsen
Tegning: Tor Johansen

Forslag til endringer i riksvegnummereringa


Forslag til nye riksvegnr.

— Endring pr. 1992

- - - - - Seinare endring

Jfr. Vegdir. brev av 12/9-90

Sept. 1990 SKS.



Vegkontoret foreslår:

1. Noverande riksveg 14 Sogn og Fjordane grense-Spelkavik, E69 Spjelkavik-Kjelbotn, riksveg 62 Kjelbotn-Oppdøl, riksveg 66 Oppdøl-Rensvik og riksveg 16 Rensvik-Kristiansund blir ny riksveg 1.

Strekninga Spjelkavik-Vigra flyplass med arm til Ålesund sentrum (Skateflukaia) blir arm til riksveg 1.

2. Noverande E69 Oppland grense-Ålesund får nytt nummer 19 og skal ende i Kjelbotn ved kryss med riksveg 1. Riksveg 19 vil dermed gå mellom Dombås og Kjelbotn i Vestnes.

3. Noverande riksveg 16 Sør-Trøndelag grense-Kristiansund får nytt nummer 70 og skal ende på Bergsøya ved kryss med riksveg 1.

4. Noverande riksveg 58 Oppland grense-Linge får nytt nummer 63. Dermed blir det riksveg 63 frå Sogge bru ved kryss med ny riksveg 19 via Geiranger til Oppland grense.

5. Riksveg 58 blir dermed korta ned til strekninga Linge-Sjøholt.

